



Årsmelding 2016 Langrennsgruppa (foreløpig)

- Styret 2016:
- leiar: Daniel Breivik
 - Kasserar: Magnar Breivik
 - Styremedlem: Hogne Søholt
 - Anleggsansvarleg Bondalseidet: Arild Bjørdal
 - Anleggsansvarleg Mosløypa: Helge Moe
 - Ansvarleg trimrenna: Andre Eiksund
 - Trakkeansvarleg: Jan Olav Bjørdal

Sportsleg resultat:

Det har ikkje vore mange sportslege resultat å snakke om i 2016. Kun på birkebeinerrennet og nokre få lokale turrenn finn ein løparar fra Øil på startlista, og av og til også på resultatlista. Det er framleis ingen barn/unge som konkurrerer for Ørsta IL i langrenn, men det er ingen tvil om at det på sikt bør vere ei målsetning

9 mann reiste med bussen til Rena for å delta på Birkebeinerrennet 2016. I år vart det felles reise med voldingane, som har langt fleire deltakarar. Føret var trått og det var motvind fra start til mål.

Arrangement/treningar:

Vinteren 2016 var starta mildt og vått, men når snøen kom for alvor i januar/februar kom det store mengder og det vart fine forhold i skiløypene både på Bondalseidet og Mo. Det er svært mange brukarar av skiløypene både på Bondalseidet og på Mo.

Trimrenna 2016 vart som vanleg avvikla på Bondalseidet med 10 renn. 3 av dei 4 første renna vart avvikla utan skiføre med ca 100 deltakarar, men etter kvart som snøen kom auka deltakartalet og ca 200 barn deltok totalt.

Fellestreningane, med intervalltøring i skåla på tirsdagane og joggetur på Mo på fredagane, er dessverre snart sjølvslutta pga dårlig oppmøte.

Saudehornet rett opp vart arrangert laurdag 6. august. Det var 77 deltakarar i konkurranseklassa, 16 kvinner og 61 menn. Heller ikkje i år var rekordane truga, men vinnartida var bra (50.22) Friidrettsgruppa er ikkje lenger med som arrangør, men tok i år ansvaret for tidtakinga. Langrennsgruppa hadde som vanleg ansvaret for aktiviteten på toppen, men det er ei utfordring for laget å skaffe nok funksjonærar til arrangementet. Frode Stokke har gjort ein god jobb, og vi klarer akkurat å skaffe nok folk. Hovudstyret i Øil tok ansvar for sekretæriatet, men også her er det vanskelig å få folk til å stille. Arrangementet gir ingen inntekter for langrennsgruppa. Det er lite truleg at SRO vert arrangert med konkurranseklasse i 2017.

Anlegg:

På Bondalseidet har det vorte gjort utbedringar av entreprenør i Åmskarløypa, med drenering og planering. Det vart også leigd inn enterprenør til reparasjon av brua over Vielva pga skader på baren under brua. Ellers har det vorte sett opp sikringsgjerde rundt kulverten i nyetrasseen.

På Mo/Daleteigane har det vore arrangert svært mange dugandar i 2016. Vi søkte om støtte fra Møre og Romsdal fylkeskommune til utbedring av «sommarfjølsløypa» og «Rambjørura» og her har det vorte drenert, planert og grusa. I tillegg har det vorte lagt ned mange dugnadstimar på grusing av turstiar og skiløypa framover fra Askjellhaugen og nede på Daleteigane.

Vi har gjort avtale med Ørsta kommune og Ørsta kyrkjelege fellesråd om utviding av garasja for trakkemaskina på Askjellhaugen. Tømrrarlinja ved Ørsta vgs vil gjere jobben, men dette vert ført utført i 2017

Også i 2016 har dugnadsinnsatsen vore god. Det er ingen tvil om at 2 skiløyper og eit nettverk av turstiar krev mykje av dei få medlemmane i gruppa, men det er heller ingen tvil om at arbeidet som vert lagt ned vert lagt merke til og satt stor pris på av dei mange brukarane av løypene.

Økonomi:

REKNESKAP MANGLAR I SKRIVANDE STUND

I 2016 vart Bondalseidet skitur lag starta opp. Dette er eit samarbeid mellom Øil langrennsgruppa, Hil Ski og Ørsta Skisenter AS. Målsetninga er å få dei mange brukarane til å betale ei frivillig løypeavgift for å dekke inn ein del av kostnadane til vedlikehald og trakking av skiløyper, samt abonnement på skisporet.no. Det er ei nettside der trakking av skiløypa vert lagt ut automatisk slik at folk kan gå inn sjekke om og når løypa er preparert. Det har vorte satt opp skilt ved løypa med betalingsinformasjon, girokasse og Mcash kode. Det vart også sendt ut faktura til hytteeigarane på Bondalseidet og Bjørdal. Foreløpig har responsen vore middels. I 2016 kom det inn 15500kr, og utgiftene til oppstart og abonement på skisporet.no kom på 11543kr.

For styret i langrennsgruppa

Daniel Breivik

